



ABO Plan & Arkitektur AS  
Postboks 291  
5203 OS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4439 - 16/12548

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
10.05.2016

## Korrigert ferdigattest felt B2 hus D - gbnr 188/768 Gjervik ytre

### Administrativt vedtak. Saknr: 236/16

**Tiltakshavar:** Vestlandske Boligbyggelag - Vestbo  
**Ansvarleg søkjar:** ABO Plan og Arkitektur AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Det vert vist til ferdigattest datert 11.06.2015. Vi har oppdaga at det er feilt bygningsnummer og bruksareal som er sett inn i førre vedtak. På bakgrunn av dette vert det sendt ut korrigert ferdigattest, der bygningsnummer og bruksareal er retta.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert [dato]. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 08.06.2015.

### Skildring

Adresse:	Langheiane 8A-8L
Bygningstiltak:	Lavblokk, bustadbygg
Bygningsnummer:	300455968
Bruksareal:	734
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Offentleg

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for felt B2 bygg D på gbnr 188/768. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Mynde



Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4439

Med helsing

Siril Therese Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Vestlandske Boligbyggelag - Vestbo    Strandgaten 196    5004    BERGEN

#### **Mottakarar:**

ABO Plan & Arkitektur AS    Postboks 291    5203    OS